



## VEST-AGDER SKYTTERSAMLAG

DATO 15.11.2020

### **Referat frå styremøte måndag 09.11.20 kl 1830. Møte var på teams pgs corona situasjonen.**

**Desse møtte:** Audun Rossevatn, Daniel Johnsen, Christopher Haddal, Sverre Jacobsen  
1. vara til styre og kasserar: Jane Wigemyr  
Ungdomsleiar: Kristin Øksendal  
Forfall: Karen S. Øksendal

Sak 23: Rekneskap 2020

***Vedtak: Rekneskapet vedtatt***

Sak 24: Budsjett for samlaget 2021

***Vedtak: Kasserar og samlagsleiar samarbeider om eit forslag til budsjett for 2021***

Sak 25: Mat ombudsmøte 2020 og pris for ombudsmenn

***Vedtak: Pga den pågåande covid 19 pandemien utsettes ombudsmøte til i slutten av januar 2021. Kan det ikkje då avvikles som fysisk møte skal det på tå teams***

Sak 26: Invitere evt gjester til ombudsmøtet.

***Vedtak: Ikkje bestemt å invitere gjester pga utsettinga av møte***

Sak 27: Gjennomføringsplan for ombudsmøtet, coronatiltak.

***Vedtak: Ikkje diskutert pga utsettinga***

Sak 28: Er det noko som bør få ein påskjønnelse av samlaget på ombudsmøtet

***Vedtak: Det blei orientert om dette***

Sak 29: LDKS felt 2021, Vest-Agder er arrangør.

***Det blei bare diskutert i styret og alle var klar over a vi er arrangør i 2021***

Sak 30: Ny vandrepokal satt opp av Flekkefjord og Lund LHL

***Vedtak: Samlaget tar i mot to nye vandrepokaler frå LHL Flekkefjord og Lund. Pokalane settes opp i klasse V65 og V73 og skal gå til den skytter som oppnår best resultat på samlagsstemnet felt og bane i løpet av eit kalenderår. For å få den til odel og eie må den vinnast tre gonger.***

Sak 31: Offiserstpokalen:

***Vest-Agder Skyttersamlag meiner at vedtaket i Norges Skytterstyre om å gjere offiserstpokalen evigvarande var forhasta og må behandlast på nytt. Endra på reglane for ein vandrepokal undervegs meiner vi blir feil.***